

## Jentelaget til semifinale i Norway Cup.

02.08.2018



Emma M. Ripel(raud vest) scorar det avgjerande målet i kvartfinalen

**J14-laget til Uskedal IL er verkeleg i flytsona. Etter 3 gode, men jamne kampar i innleiingspelet, kom dei til B-sluttspølet, og der har dei verkeleg markert seg. Etter to klare sigrar onsdag, spela dei i dag kvartfinale mot MSIL. Etter ein ny god kamp trekte uskedalsjentene det lengste strået, og dermed er dei klare for semifinale i kveld.**



Desse jentene har gjort så imponerende innsats at dei er klare for semifinale i Norway Cup

Det vart ein jamn og uhyre spennende kvartfinale mot MSIL. Eg tippar at det minka på neglene hos supportarane på sidelinja! Rapportane frå Ekebergsletta fortel at jentene var det beste laget gjennom heile

kampen, men dei hadde ikkje marginane med seg i ordinær tid. Dermed vart kampen mållaus, og det gjekk til ekstraomgangar.

I første ekstraomgang gjekk det ikkje meir enn eit par minutt før Emma Myklebust Ripel sette ballen i mål. Dermed var saka biff!! Siger og avansement til semifinalen var sikra. I Norway Cup er det nemleg golden goal-regelen som gjeld. Sjølvsagt kjempejubel blant uskedelingane både på banen og på sidelinja. Vi gratulerer!! Trenarar for laget er Gørill S. Eik og Roar Musland.

Semifinalen går kl.18.15 i kveld, torsdag. Motstandar vert Bergsøy IL som vann over Nordre Land IL. Jøss, så spennande det blir!!

Rosendal J13 spelte 16-delsfinale i B-sluttspølet. Dei tapte på straffar etter at det var uavgjort etter ekstraomgangane.

Rosendal J14 spelte 16-delsfinale i A-sluttspølet. Stillinga etter ordinær tid var 0-0, men heilt i starten på 1.ekstraomgang scora motstandarane Fagernes IL og dermed var cup-eventyret slutt for rosendalsjentene for denne gang..

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Espen Eik